



Bygdalaget Nesjaheimen

Dato: 12.05.2014
Vår ref.: 2014/12424-59
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilskot til lokale friluftslivstiltak 2014

Vi viser til dykkar søknad på den fylkeskommunale ordninga for tilskot til lokale friluftslivstiltak for 2014. De er tildelt kr 40.000,- i tilskot til Nærmiljøsti med aktivitetsløype over Heiane.

Grunngjeving

For 2014 var det 36 søknader med samla søkesum på kr 1.258.435. Det er kr 400.000 til fordeling.

Det har vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre får avslag medan andre er tildelt deler av summen det er søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningslinjer for ordninga.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt så snart vi får tilbakemelding om dykkar bankkontonummer. De har ansvar for å kontrollera at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar skal gjennomføra rapportering, levera rekneskap samt medverka til kontroll som nemnt under.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Om føresetnadene ikkje vert oppfylte, kan tilskotet bli skjønnsmessig avkorta eller falla bort.

Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga innan 15. desember 2014. Rapporten skal minst innehalda desse punkta:

- Skildra gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peika på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informera om eventuell vidareføring.

Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Brot på vilkår og føresetnader

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt, kan vedtaket om tildeling verta gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakta rådgjevar Eirik Knive epost eirik.knive@hfk.no eller telefon 55 23 91 66/ 99 15 58 29.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.